

STYREPROTOKOLL

Tysdag **9. februar 2016** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 14.20 – 15.40
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Arne Gjerde (styreleiar) og Torleif Lothe (nestleiar) og Norunn Byrknes (styremedlem)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent
SAKLISTE:	Godkjent

Følgjande saker blei handsama:

SAK 1/16 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 15.12.15

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:
Protokoll frå styremøte 15.12.15 blir godkjent.

Styrehandsaming 09.02.16:
Styreleiar gjorde merksam på at det var nytta «utvalsleiar», medan det rette var «styreleiar» i sak 23 og 24/15. Elles hadde styret inga merknader.

Samrøystes vedtak 09.02.16:

Protokoll frå styremøte 15.12.15 blir godkjent, men med den endring at «utvalsleiar» vert bytta ut med «styreleiar» under sak 23 og 24/15.

SAK 2/16 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.02.16

1. Oversikt over valde representantar til HKS IKS for perioden 2015-2019
2. Konstituering av valnemnd – HKS IKS – brev til leiar og medlemmer
3. Budsjettoppsett 2016
4. Endringar i reglene for skattefri kilometergodtgjersle – skattefri sats vert sett ned frå kr 4,10 til kr 3,80 pr. km
5. Kontrollutvalgskonferansen 4.-5. februar på Gardermoen - evaluering
6. Sekretariatskonferansen 15. mars i Oslo – dagleg leiar påmeldt – rådgjevar har ferie
7. Infotjenester.no - 5 tips for godt HMS-arbeid

Styrehandsaming 09.02.16:

Dagleg leiar orienterte. Oversikt over det nye representantskapet blei godt motteken. Styret ønskte at dagleg leiar sjekkar opp med utvalsleiar i Karmøy at valnemnda kjem i gang med sitt arbeid. Deira framlegg må vere ferdig til utsending tidleg i april til representantskapsmøtet 25.04.16. Styret meinte at det var mest naturleg at årets medarbeidersamtale med dagleg leiar vart halden etter representantskapsmøtet, då mellom nyvald styreleiar og dagleg leiar.

Samrøystes vedtak 09.02.16:

Styret tar referatsakene 1- 7 blir tatt til orientering.

SAK 3/16 – STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2016

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. februar 2016 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 09.02.16

Dagleg leiar orienterte om arbeidssituasjon, økonomi og planar. Då lite var ført så tidleg på året vil rekneskapsoversyn bli lagd fram i neste møte.

Samrøystes vedtak 09.02.16:

Statusoversikt pr. februar 2016 blir tatt til orientering.

SAK 4/16 – ÅRSOPPGJER 2015 OG UTKAST TIL ÅRSMELDING 2015

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret godkjenner årsoppgjer 2015 og utkast til årsmelding for 2015 for HKS IKS, slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 37 225.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

Styrehandsaming 09.02.16

Dagleg leiar orienterte om detaljar i rekneskapen og om dei endringane og tillegg som ho hadde tatt inn i årsmeldinga. Styret var nøgd med resultatet. Torleif Lothe gjorde merksam på at det mangla eit «og» føre ordet «arbeidsstokk» i neste siste avsnitt på side 1. Årsmeldinga og rekneskapen blei så signert. Same kveld blei dokumenta og dei to permanente overlevert til revisor Roald Stakland i KPMG etter møtet i Tysvær kontrollutval. Sakene kjem opp igjen i neste møte, då med revisjonsmeldinga.

Samrøystes vedtak 09.02.16:

Styret godkjenner årsoppgjer 2015 og utkast til årsmelding for 2015 for HKS IKS, slik det ligg føre med eit positivt årsresultat på kr 37 225.

Styret vil gjere framlegg om at årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital

SAK 5/16 – OVERORDNA STRATEGIPLAN 2016-2020 FOR HKS IKS

Dagleg leiar si innstilling:

Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg om at overordna mål og andre mål for HKS IKS, slik det går fram i sak 5/16, og vedlagt strategiplan (men med følgjande endringar.....) blir vidareført i perioden 2016-2020.

Overordna strategiplan 2016-2020 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

Styrehandsaming 09.02.16:

Dagleg leiar orienterte om at ho hadde lagt opp til ei vidareføring av tidlegare strategiplan. Styret var nøgd med saksframlegget og meinte det gav ei grei innføring i historikk og oppgåver. Styret meinte det fekk vere det nytt styret som skulle jobbe vidare med konkrete delmål og arbeidsmål.

Samrøystes vedtak 09.02.16:

Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg om at overordna mål og andre mål for HKS IKS slik det går fram i sak 5/16 og vedlagt strategiplan blir vidareført i perioden 2016-2020.

og innstilling til representantskapet:

Overordna strategiplan 2016-2020 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

EVENTUELT

Ingen saker var eller blei meldt.

Neste møte

I følgje vedtatt møteplan er neste styremøte sett til **torsdag 7. april kl. 15.30**. Klokkeslett er i etterkant stadfesta at det høver etter styremedlem Byrknes sin vaktplan.

Representantskapsmøtet

Det er sendt ut varsel om at dato er sett til **måndag 25. april kl. 18.00**. Saksdokumenta vil bli sendt ut minst 14 dagar før, dvs. før 11.04.16. Daglig leiar og styreleiar møter.

Aksdal, 9. februar 2016

Arne Gjerde (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar